



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eva Katrine Taule, 55 57 22 26
Laila Nordheim Alme, 55 57 23 19

7. Mars 2008

Dykkar dato
06.12.2007

Vår referanse
2007/13668 421.0
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høringsuttale - Utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Vi viser til Dykkar brev av 06.12.2007 med utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming. Vi seier oss leie for at vår uttale kjem etter fristen.

Fylkesmannen i Hordaland har drøfta utkastet internt i organisasjonen, med UU-kontakten i Hordaland fylkeskommune og utvalte kommunar med fokus på universell utforming. Vi vil kommentera utkastet punktvis.

1. Nasjonale mål for universell utforming

Det nasjonale målet er overordna og lite konkret i høve til fysiske omgjevnader. Det er knytt meir mot likestilling enn utforming. Fylkesmannen rår til at målet vert konkretisert for å gje eit klårare bilete av kva universell utforming inneber.

2. Virkeområde og formål

Korleis retningslinene skal nyttast i annan forvaltningsverksemd er uklart, sjølv om den utdjupande forklaringa tydeleggjer dette noko. Fylkesmannen meiner at ordlyden i dette punktet bør gjerast klårare.

Formålet med retningslinene er tydeleggjort gjennom fleire punkt og dette vert også kommentert i den utdjupande forklaringa.

3. Ansvarsforhold

Konkretiseringa av ansvarsforhold er med på å tydeleggjere korleis retningslinene skal nyttast og gjev god avklaring kva den einskilde etat skal ta ansvar for.

4. Krav til den kommunale planprosessen

Krava til planprosess vil etter fylkesmannen sitt syn vere med på å setje fokus på universell utforming og er naudsynt for at dette temaet blir følgt opp i praksis. Samstundes er det høge krav som tilseier god kompetanse. Fylkesmannen meiner at det må utarbeidast rettleiingsmateriell frå sentralt nivå til hjelp for kommunane i planprosessen. Korleis tilgjengesituasjonen kan vurderast og gode døme på retningslinjer og føresegner, er tema som bør takast opp her.

Det bør gå klårare fram av den utdjupande forklaringa kva som kan vere relevante organisasjonar og brukargrupper.

5. Krav til fysisk utforming

I Hordaland har vi mykje bratt terreng der universell utforming er utfordrande. Det er nærmast uråd å utforma alle byggeområde på ein universelt utforma måte utan at dette vert uheldig i høve til landskapsomsynet. Punkt b), c) og f) kan difor vere vanskeleg og fylkesmannen meiner det bør gå fram av retningslinene korleis UU skal vurderast opp mot andre nasjonale arealmål som til dømes omsynet til landskapet og strandsona. Punkt f) kan vere særleg konfliktfylt på dette punktet. I Hordaland har vi mange friluftsområde som er reine naturområde utan inngrep. Denne kvaliteten kan verte redusert ved universell utforming.


6. Motsegn og klage

Punkt er klårgjerande og seier også noko om korleis retningslinene er tenkt nytta.

Oppsummering

Fylkesmannen meiner at utkastet til retningsliner for universell utforming vil vere med på å synleggjere dette temaet på ein god måte, men at målet og virkeområde for retningslinene bør tydeleggjerast noko. Tilhøvet til andre arealpolitiske mål bør også gå fram av retningslinene.

Med helsing


Rune Fjeld e.f.
Assisterande fylkesmann


Terje Aasen
Avd. direktør

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling